

Styremøte i Herand Bygdelag måndag 26. oktober kl. 2000 på skulen.

Tilstades: Gerd Ingeborg Haugen, Sølve Hanssen, Arjen Stolk, Lena Haugen,
Dan Danielsen og Bjørg Samland. Kjell Olav Samland hadde meldt forfall.

Sak 1: Støtte til utstillinga „ ei reise gjennom 9000 år,,

Me har fått dette brevet frå Sparebank 1 Hardanger:

”Vi viser til Dykkar søknad om støtte. Vi er glade for å kunne stadfesta at gåva kr. 50000 er utbetalt.

Vi minner om at støtta frå banken skal nemnast i all marknasføring og mediaomtale av prosjektet.

Med vennlig helsing Sparebanken Hardanger Rigmor Onarheim Marknadssjef.”

Sak 2: Varmepumpe i Barnehagen.

Sigmund Eiken orienterte om saka. Han vil innhenta prisar på ombygging av ventilasjonsanlegget og 2 prisar på varmpumper til neste styremøte.

Sak3: Basaren i 2009.

Bygdelagsbasaren vert sundag 27. desember kl. 1700.

Bjørg, Gerd og Dan skaffar gevinstar til basarboka snarast.

Sak 3. Leigetakarane i skulen.

Styremedlemmene er svært glade for at lag og organisasjonar brukar huset.

Leiaren orienterte:

Barnehagen leiger 149 m² for kroner 7500 pr. måned inkludert straum.Pr. år kr. 90000.

Landskapsparken har snakka om ei leige for 179 m² på kr. 15000 pr. år inkludert straum for utstillinga.

Straumutgiftene har auka med ca. 1200- 1500 kroner pr. måned når utstillinga er open.

Ein marknadspris på lokala til Utstillinga er på ca. kr. 500 pr m² og då 179m² X 500 gjer ei markedsleiga på kr. 89500 pr. år.(Innhenta fra markedsjennarar) Kan det vera mogeleg, sånn som i Meieriet, at Herand Bygdelag bruker lokala når

landskapsparken ikke har utstillinga open og at inntekter går til Herand Bygdelag?

Tenkjer på arrangement som temakveldar.

Leiaren ba styremedlemmene tenkja over saka. Då kunne jo f.eks landskapsparken få betre tid til å settja i gong miljøvennleg næringsutvikling og utviklingstiltak.Dei har også ein

pådrivarrolle i høve til landbruk og turisme for å gjennomføra initierte prosjekt.

Styret sine medlemmer tok saka frå leiaren til orientering.

Sak 4. Ymse.

- Temakveld. Leiaren har snakka med Britt Iren Hetland Haavik om ho kan visa bilete frå Herand. Ho har mykje bildemateriale som ho har teke over flere år.
- Arjen kom med ein ide om ein hjertestarter i bygda.
Me skal tenkja over saka. Kvar skulle den evt. plasserast?
- Arjen må trekkja seg frå styret då han ikkje fann tid til det lengre.
Nytt 1.varamedlem til å møta i Styret er Britt Heidi Selsvik.
- Dan fører møteboka.

Dan Danielsen